

## Retningslinjer for masteroppgåva

Vedtatt av utdanningsdirektøren 15.04.13. Oppdatert 29.02.16

NB! Disse retningslinjene gjeld studentar ved studiestad Bergen

Retningslinjene gjeld dei mastergradstudium høgskulen sjølv administrerer. Ved samarbeid med andre universitet og høgskular gjeld retningslinjene for masteroppgåva den høgskulen som tildeler graden.

Masteroppgåva er eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid der studenten skal synleggjere innsikt i aktuell forskning, relevant teori og metodar som har tyding for oppgåvas problemstilling. Det forventas at studenten brukar metode som best kan belyse vald problemstilling. Arbeidet med masteroppgåva skal kvalifisere studenten for forskings- og utviklingsarbeid.

Masteroppgåva kan skrivast som eit samarbeidsprosjekt mellom fleire studentar.

### Forskingsetikk

Kunnskap om forskingsetikk er viktig i arbeidet med masteroppgåva. For nærare informasjon om forskingsetikk vises det til eigne retningslinjer.

### Kjeldebruk

Det stilles strenge krav om pålitelege og eksplisitte tilvisingar til dei kjeldene ein bygger oppgåva på. Eit kvalitetskjenne-teikn ved god forskning er at den bygger på anerkjente kjelder til teori og tidlegare forskning samt at den utviser god tilvisingsteknikk. Forskingsresultat blir primært publisert i bøker og artiklar utgitt på vitenskapleg forlag eller tidsskrift. Det er kjeldenes metode, resultat og diskusjon som skal brukas i oppgåva. Det skal være tydeleg kva for kjelder som er nytta, direkte sitat skal vere klart merka med hermeteikn eller innrykk.

Sidetal skal gjevast både ved direkte sitat og indirekte sitat og i andre tilfelle der det blir vist til ein avgrensa del av ei større kjelde. Oppgåva skal som hovudregel vise til originalkjelder. Dersom ein unntaksvis må vise til ei kjelde ein ikkje sjølv har oppsøkt skal dette kome klart fram gjennom formuleringa av teksten, eller gjennom å føre kjeldetilvisinga som sekundærtilvising slik (Hansen 1993:12, sitert i Pedersen 2002:365).

For nærare informasjon om korrekt bruk av kjelder og referansetil sjå [Søk og skriv](#) og bibliotekets eiga undervising i sitering og etisk bruk av kjelder.

## **Omfang og struktur**

Masteroppgåvas omfang og struktur stå i emnebeskrivinga. Oppgåva skal skrivast på norsk eller engelsk, alternativt svensk eller dansk.

## **Formelle krav**

Arbeidet med masteroppgåva skal strukturast på grunnlag av ein prosjektplan som skal vere innlevert til rettleiar innan oppgitt frist.

Vidare gjeld følgjande:

- HVL sitt framsideark
- Samandrag på norsk og engelsk
- Innholdsliste med kapittelinndeling og sidetalstilvising
- Kjeldetilvisingar og litteraturliste etter referansestilen som er avtalt med rettleiar
- Figurar og tabellar skal settast opp og omtalast i den løpande teksten, nummererast og gis eigen tittel. Oversikt over figurar og tabellar skal førast på liste som plasserast etter innholdsopplistinga
- Vedlegg skal nummererast og førast opp i innhaldsoversikta. Vedlegg som har fleire sider skal nummererast

## **Rettleiing**

Rettleiing på masteroppgåva er obligatorisk og skal skrivast innan ramma som er angitt i emnebeskrivinga. Rettleiing kan gis via digitale mediar, e-post mm. Det kan gis ekstra rettleiingstimar til kandidatar som har minoritetsspråklig bakgrunn.

Studenten og rettleiar skal inngå Avtale om rettleiing av mastergradsstudentar. Avtalen skal inngåast så tidleg som mogeleg etter forventa oppstart på mastergradsoppgåva.

Rettleiingsavtalen blir oppbevart hos rettleiar til klagefristen har gått ut.

## **Innlevering**

Oppgåva skal leverast elektronisk i Høgskulen sitt eksamenssystem.

## **Vurderingskommisjon**

Masteroppgåva blir vurdert av minimum to sensorar der minst ein er ekstern. Kommisjonen skal i fellesskap kome fram til semje om karakteren.

Når det gjeld reglar og reaksjonar ved fusk og plagiat vises det til [Lov om universiteter og høgskoler](#) § 4-7 og § 4-8 samt [høgskulen sine retningsliner](#) for plagiatkontroll og plagiat og fusk ved oppgaver, eksamenar og prøvar.

## **Tilgjengeleggjering elektronisk i HVL Open**

Når oppgåva skal leverast kan kandidaten [godkjenne avtalen om tilgjengeleggjering i HVL Open](#).

Så snart klagefristen er ute ordnar studieadministrasjonen med at biblioteket får tilgang til masteroppgåvene slik at dei aktuelle oppgåvene kan bli lagt inn i HVL Open. For kandidatar der det inngår eit manuskript til ein vitenskapleg artikkel i masteroppgåva, vil ikkje oppgåva bli gjort tilgjengeleg før artikkelen er akseptert og publisert i det aktuelle tidsskriftet den er skriven for.

## **Opphavsrett**

Masteroppgåva er eigd av kandidaten sjølv og HVL. Rettleiarar eller andre kan difor ikkje pålegge kandidaten tilgjengeleggjering i bibliotek, på internett eller andre stader (i trykt eller elektronisk form) utan kandidaten og evt. oppdragsgjevar sitt samtykke. Ingen kan heller nekte kandidaten tilgjengeleggjering av same grunn. Denne rettigheita er grunngeven ut i frå lova om opphavsrett av 12.mai 1961 nr. 2 (åndsverklova).

## **Oppbevaring og arkivering**

Studieadministrasjonen arkiverer masteroppgåvene i Public 360.